



# Naturvernforbundet i Møre og Romsdal

Tingvoll, 31. januar 2017

Tingvoll kommune

## SJØMRÅDEPLAN NORDMØRE - FRÅSEGN

Det er eit godt grep at båe sider av fjorden, ja heile fjordsystemet blir planlagt samtidig, uavhengig av kommunegrense. Då er det betre moglegheiter for at ein kan ta meir heilskaplege omsyn.

På høyringssida ligg det til saman 61 dokument. Naturvernforbundet starta i ein ende, og må berre innsjå at det berre er ein liten del av desse dokumenta vi har sett på. Skal vi spele inn noko med tyngde, krev det eit seriøst arbeid, og då blir det ikkje så mykje av dette vi rekk å seie noko til.

Kven har ressursar til å kunne arbeide seg seriøst gjennom ein plan som dette, gå gjennom aktuelle problemstillingar og tilstrekkeleg mange detaljar til at ein kan seie noko med tyngde slik at ein kan ha håp om at det blir lagt merke til og lagt vekt på vidare? Så langt vi kan sjå vil det vere Fylkesmannen, Møre og Romsdal fylkeskommune og oppdrettsindustrien. Andre har ikkje ressursar til noko slikt som dette. Naturvernforbundet som normalt vil prøve å følgje med i alle kommunar på saker som dette har opna ca. 10 av dei nemnte 61 dokumenta. Det kan ha noko å seie for kva som kjem fram i ein høyringsprosess.

Vi skulle ønskje at kommunane sin miljøvernavdeling var minst like stor som næringsavdelinga, slik at dei dokumenta som blir lagt fram for dei ulike kommunestyra får ei grundig miljømessig vurdering. Utan ei slik grundig miljøvurdering, meiner vi at det vil vere nokre og til dels store manglar når det gjeld dette, ut frå dei bitane av planen vi har fått sett på.

Ut frå dette vil det vere ei rad lokalitetar av ymse slag som **Naturvernforbundet ikkje har vurdert**. Vi ber kommunane merke seg dette, då det er noko anna enn at Naturvernforbundet ikkje har merknader.

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal  
v/Øystein Folden, Rasta 4, 6630 TINGVOLL  
Telefon 918 12 542 – epost [moreromsdal@naturvernforbundet.no](mailto:moreromsdal@naturvernforbundet.no) – internett  
[www.naturvernforbundet.no/mr](http://www.naturvernforbundet.no/mr)

### **Det må vere igjen plass til delar av naturleg fjord og naturleg marint liv**

Oppdrettsnæringa er framleis ganske ny, sett frå ein biologisk ståstad. Vi veit framleis ikkje om det vi til no har fått i stand tolast av økosystema, eventuelt kor ille det kan gå. Det er sannsynleg at vi finn ut at noko av det vi har gjort til no er feil, og at vi treng hjelp frå naturen til å reparere dette. Då er det viktig at det er såpass mykje natur igjen i sjøen mellom oppdrettslokalitetane, at det er mogleg for denne naturen å «gro seg innover» område som må reparerast.

Vi kan vel også vere sikre på at vi ikkje veit alt om utviklinga på dette området i framtida. Difor bør vi koste på oss at det blir liggande igjen område som ikkje skal brukast til noko inntil vidare. Noko som dei som kjem etter oss kan få ta i bruk utan at vi har ugrea det til.

Den biologiske tilstanden i fjordsystema kan det også stillast spørsmål ved. Ein del stader no verkar det som tang og tare har vore utsett for noko som gjer tilstanden ganske unormal. Ein del stader finn ein ikkje lenger blåskjel. Ein del strender som tidlegare var attraktive for friluftsliv lukter ikkje like godt lenger, i tillegg til at grønske har blitt eit problem. Lakselus er eit eige tema. Eit storstilt fiske på leppefisk kan få nokre konsekvensar vi ikkje veit kva består i. Naturvernforbundet har ikkje fått arbeidd mykje med desse spørsmåla, men vi får meldingar som uroar oss. Sjølv om ein ikkje skal skulde akvakultur næringa for å vere opphav til alt dette, er det ikkje greit å proppe fjordane fulle av slik verksemd når ein ikkje veit. Av føre var-grunnar bør vi ikkje legge opp til ei auke av akvakulturpåverknad no.

### **Areal avsett til naturføremål**

Inne i fjordsystema er areal med føremål H560 omsyn natur og H720 og H730 bandlegging natur få og små. Dette gjeld stort sett område som er litt spesielle. Vanleg natur er ikkje tatt med i slike areal, men vanleg natur er faktisk også viktig. Det må vere feil prinsipp å opne opp for akvakulturverksemd så snart ein ikkje har kjennskap til at det er noko spesielt i eit område, særleg når dette kunnskapsgrunnlaget verkar å vere tynt.

### **Endringar med ulik årsak**

I denne prosessen blir det handsama fleire endringar samanlikna med tidlegare. Men ulike tilhøve rundt endringa gjer tilsynelatande like saker veldig forskjellige.

Type 1: Lokalitet som har vore i drift lenge, som no får justert areal slik at ankringar kjem innanfor reguleringsgrensa. Realitetane har til dels vore der lenge, ting har gått seg til og det som måtte vere av problem er det ofte ikkje mogleg å gjere så mykje med. Denne typen endringar reknar Naturvernforbundet som i utgangspunktet uproblematiske no, sjølv om dei kan ha vore problematiske tidlegare som følgje av manglande sakshandsaming osv.

Type 2: Lokalitet som har vore regulert tidlegare, men ikkje har vore i bruk, eventuelt berre for lenge sidan. Når ein no justerer lokaliteten for ankringsbehov osv, vil dette opne for ny bruk. Verknaden på fjorden har som følgje av at lokaliteten ikkje har vore i bruk ikkje vore noko problem. Viss til dels gamle prosjekt med endå dårlegare sakshandsaming no kviknar til igjen, kjem problema til syne. Naturvernforbundet meiner at ein må sjå på konsekvensane rundt også den tidlegare

godkjente delen og ikkje berre tillegget. Ein må vere open for at slike mangelfulle lokalitetar like gjerne skal gå ut som at dei skal bli utvida til å kunne brukast.

Type 3: Nye lokalitetar der det ikkje har vore lokalitetar før. Her må det til ei omfattande handsaming, slik at ein får klarlagt alt som er nødvendig for å kunne ta stilling til saka.

Naturvernforbundet meiner at den framlagde dokumentasjonen er for snau for type 2 og høgst mangelfull for type 3. Dette må reparerast, eller lokalitetane må takast ut av planen.

### Ein gjennomgang av kunnskapsgrunnlag

Hovuddokumentet, side 14 seier: «*Kommunene har en svært viktig rolle i arbeidet med å nå Norges nasjonale miljømål og internasjonale forpliktelser. En god og helhetlig forvaltning av naturmangfold på land og sjø er avhengig av samarbeid både på tvers av fagmiljø og på tvers av kommune- og fylkesgrenser. Kunnskap om verdifulle naturtypeområder og artsforekomster må legges til grunn for kommunenes arealforvaltning.*»

Dokument 12.1 om KU, side 11 seier: «*Det vil være viktig å ta hensyn til marine naturtyper og nøkkelområder for spesielle bestander og arter som ålegressenger, korallforekomster etc. i arealavveiningene.*».

Vi har gjort eit søk nasjonalt på naturtypen ålegrassamfunn og får opp 3723 lokalitetar. Av desse finst 54 i Møre og Romsdal. Dvs. at knappe 1,5% av dei kartlagde ålegrassamfunna som er kartlagde finst i Møre og Romsdal. Det fortel anten at Møre og Romsdal er ganske unikt område som nesten ikkje har ålegrassamfunn, eller at det er forferdeleg dårleg kartlagd.

Viss vi bryter ned dei 54 lokalitetane av ålegrassamfunn i Møre og Romsdal til kommunenivå, finn vi dette:

Molde	9
Ørsta	5
Ørskog	5
Norddal	1
Stranda	2
Sykkylven	1
Vestnes	12
Rauma	13
Neset	6

Det er gjort ein kartleggingsjobb av NIVA i Romsdalsfjorden og Havforskningsinstituttet på Sunnmøre i 2015, og det er dette som er opphav for lokalitetane. Alle lokalitetane i Møre og Romsdal er lagt inn i løpet av 2015.

Når det er slik at ålegrassamfunn finst like nord til Troms, og at ein elles i vårt fylke har denne naturtypen, bør ein kunne slå fast at ein har fullgod kunnskap om at naturtypen ikkje er kartlagd i det aktuelle området, og at ein har ingen kjent kunnskap om kvar det finst lokalitetar i vårt område.

Enkeltfunn finst på Artskart, men opphavet til desse observasjonane er ikkje nødvendigvis systematiske. Ein veit litt om kvar nokon har sett ålegras, men manglande observasjonar er ikkje det same som at arten ikkje finst, og ein veit ingenting om kor store lokalitetane er og kva verdi dei har.


I naturmangfaldlova står det noko om nettopp dette (Vår utheving):

§ 9.(føre-var-prinsippet)

Når det treffes en beslutning uten at det foreligger tilstrekkelig kunnskap om hvilke virkninger den kan ha for naturmiljøet, skal det tas sikte på å unngå mulig vesentlig skade på naturmangfoldet. Foreligger en risiko for alvorlig eller irreversibel skade på naturmangfoldet, skal ikke mangel på kunnskap brukes som begrunnelse for å utsette eller unnlate å treffe forvaltnings tiltak.

Då må ein legge til grunn at der det er blautbotn på høveleg djupne kan det vere uoppdaga lokalitetar av ålegras, og ein kan ikkje legge oppdrettslokalitetar i nærleiken av slike før det er undersøkt nærare.

Lokaliteten Kvitholmen i Tingvoll treng ein gjennomgang i alle fall og kan vere eit godt døme.



Ei formulering som går igjen i konsekvensutgreiinga er på punktet naturmangfald: «Ingen relevante registreringer». Det står for nokre av lokalitetane noko om alm og fuglar, men for fugleartane er det ikkje sagt noko om art. På eit par lokalitetar i Tingvoll er oter nemnt, og på eit par er det nemnt sild, brisling og torsk. Alge, i form av stortare, er nemnt for ein lokalitet.

Viss ein hadde spurd om det finst registreringar i det heile, så ville vel svaret ofte ha vore nei. Kva verdi har dette punktet då, utover å kunne villeie dei som skal vedta denne planen til å tru at ein veit nok om kva som finst i havet i området?

Frå konsekvensutgreiinga om ny lokalitet Kvitholmen:

1808 Naturvernområde	Ingen i sjo.	
1809 Naturmangfold	Ingen relevante registreringer. Torsk og stortare. Mange planter.	Naturbase.no
1810 Fjordkryssing hjort	Identifisert fjordkryssinglass over Trongfjorden: Aksneset - Båtvikneset. Påvirkes ikke.	Nibio.no v/Ø. Brekkum

Stortaren det er vist til gjeld truleg eit lausfunn frå Aksneset. Det seier ikkje så mykje. Mange planter (på land) seier heller ikkje anna enn at opp til fleire av dei ivrigaste biologane bur eller går tur i dette området og er flittige med innrapportering. Det same kan ikkje seiast om marinbiologien. Elles ser det merkeleg ut med ein akvakulturlokalitet som går frå Kvitholmen at det ikkje er sagt noko nærare om fugl observert i området. Gislink t.d. fortel om yngleområde for *Rissa tridactyla*, som har norsk namn krykkje og er raudlista EN, dvs. sterkt truga. Kva som kan ligge bak ein slik opplysning bør vere meir enn forvaltingsmessig interessant. Ein må jo bruke slike opplysningar i nærare vurderingar.

**Art område: 164**  
Vitenskapelig navn: *Larus canus*  
Funksjon beskrivelse: yngleområde  
Årstid:  
vår/sommer  
Verdi: B  
Rødlistestatus: NT

**Art område: 174**  
Vitenskapelig navn: *Rissa tridactyla*  
Funksjon beskrivelse: yngleområde  
Årstid:  
vår/sommer  
Verdi: B  
Rødlistestatus: EN

**Art område: 172**  
Vitenskapelig navn: *Larus marinus*  
Funksjon beskrivelse: yngleområde  
Årstid:  
vår/sommer  
Verdi: C  
Rødlistestatus:

Frå Gislink, utval på artar med forvaltingsmessig interesse.

Det ligg elles inne på Artskart i alt 225 registreringar av raudlisteartar frå området Vågboleira-Kvitholmen. Det gjeld fiskemåke (NT), gauk (NT), gulsporv (NT), hettemåke (VU), horndykkar

(VU), krykkje (EN), makrellterne (EN), sandsvale (NT), sanglerke (VU), sivsporv (NT), sjøorre (VU), storspove (VU), stær, svartand, taksvale (NT), teist (VU), vipe (EN) og ærfugl (NT). I tillegg finst oter (VU). Dei fleste av desse artane skulle vere relevante nok i ein samanheng som dette.

Viss ein ser på andre artsgrupper, som fisk, bløtdyr og anna marin flora og fauna, så bør ein ikkje bli overraska over om ein finn ein del artar med raudlisting. Men det finn ein ikkje i databasane for dette området. Ganske enkelt fordi det truleg ikkje har vore nokon marinbiolog som har undersøkt noko. Vi har ikkje kunnskap, og vi trur ikkje kommunen har heller. Det er ille når ein vil legge ein ny lokalitet nær opp til kommunen sin viktigaste fuglelokalitet.

I samband med konsekvensutgreiinga går det fram at naturbase er brukt. Det står at kartlag «arter av nasjonal forvaltingsinteresse» er brukt. Kva er dette brukt til når ein ikkje ser meir spor av det enn for vurdering av lokaliteten Kvitholmen?

Vidare står det at ein har brukt kartlaget «Utvalde naturtypar» Då går ein glipp av ei heil rad med lokalitetar som ligg i strandkanten.

I Tingvoll finn ein følgjande sjørelaterte naturtypelokalitetar som ikkje er utvalde naturtypar:

Brakkvassdelta	Utløpet av Ulsetelva
Brakkvasspollar	Nervågen Øvervågen
Undervasseng	Straumen
Strandeng og havsump	Meisingsetvågen Vågbøleira Torjulvågen Feta Svanavågen

Det ser ut som desse lokalitetane har blitt med på arealplankartet. Men lokaliteten Vågbøleira ser ut til å mangle i vurderinga. Det er mogleg planleggar har gått litt surr i omgrepa. Men Vågbøleira er som fuglelokalitet av stor verdi, og det er vanskeleg å tenkje seg at verdien ikkje vil bli påverka av ein oppdrettslokalitet.

Det generelle inntrykket vårt er nok at kunnskapsgrunnlaget knytt til marint område kan vere tynt. Kunnskapsgrunnlaget er vel eigentleg såpass tynt at ein i alle fall må bruke alt ein har av kunnskap, og ein må bruke biologar som kan dette biologiske miljøet svært godt. Framleis vil kunnskapsgrunnlaget vere svakt, for svakt.

Statusen for kartlegging av sjøområde er ganske varierende frå fylke til fylke. Naturvernforbundet har ikkje oppfatta at det er gjort mykje av denne typen kartlegging i vårt fylke. Ein kan i alle fall ikkje legge til grunn at sjøområda er godt kartlagde utan at det blir sagt noko om kva denne kartlegginga består av.

Kunnskapsgrunnlaget når det gjeld oppdrettsnæringas påverknad på t.d. korallar er eit anna område som konsekvensutgreiinga er inne på (5.2.7). Vi veit at det skjer mykje med korallane på verdsbasis, som følge av klimaendringar, ureining og mykje meir. For område der det er påvist eller kan vere korallar, må ein legge inn ein svært stor margin av føre var for å kompensere for den manglande kunnskapen.





Naturbase, oransje punkt er kjente korallrev.

### Tingvollfjorden og Halsafjorden

Det ligg ei tilråding til kommunale vedtak i Hovuddokument side 18: «6 kommuner: Sunndal, Surnadal, Halså, Gjemnes, Nesset og Tingvoll oppfordres til å vedta at det blir ingen økning i kapasiteten og ingen nyetablering av oppdrett av laks, ørret og regnbueørret (anadrome arter) i Tingvollfjorden innanfor Tingvollvågen Oppdrett av andre arter er tillatt. Ingen økning i kapasiteten og ingen nyetablering av oppdrett av laks, ørret og regnbueørret (anadrome arter) i Halsafjorden innanfor Fløystadneset i Tingvoll. Eksisterende akvakulturanlegg i disse to områdene skal fortsatt driftes iht gitte tillatelse. Dersom en driften på en lokalitet avvikles i et av disse to nevnte områdene, skal det ikke settes i gang ny aktivitet ved lokaliteten med laks, ørret og regnbueørret.»

Naturvernforbundet meiner det er viktig at eit slikt vedtak blir gjort. Den totale verksemda av oppdrett har vore i største laget i desse fjordane, og ein må gjere det ein kan for å reparere dette. Det kan betrast ytterlegare om ein fjernar formuleringa «Oppdrett av andre arter er tillatt.» Sjølv om

anna oppdrett ikkje har same negative verknad på laks og sjøaure, så bidrar også anna oppdrettsverksemd til den totale verknaden.

### **Einskildlokalitetar:**

Tingvoll kommune

VKA04 1560 Gyl

Lokaliteten ligg så nær korall-lokalitet ved Flemma at lokaliteten må gå ut.

VKA05 1560 Aspøya

Lokaliteten ligg så nær korall-lokalitet i Bergsøysundet at lokaliteten må gå ut.

VKA15 1560 Trollfjorden.

Heilt nytt område. Dette fjordsystemet har store nok utfordringar frå før, og nye lokalitetar, sjølv om dei ikkje gjeld laksefisk, må ein unngå av føre var-grunnar.

VKA16 1560 Kvitholmen.

Heilt nytt område. Kunnskapen om Vågbøleira og områda rundt er tilstrekkeleg til å avvise ein ny lokalitet i området. Kunnskapen er svært mangelfull viss ein skal opprette ein lokalitet.

VKA17 1560 Rognholmen.

Heilt nytt område. Kunnskapen om Vågbøleira og områda rundt er tilstrekkeleg til å avvise ein ny lokalitet i området. Kunnskapen er svært mangelfull viss ein skal opprette ein lokalitet.

VKA18 1560 Ålvundfjord 1.

Heilt nytt område. Dette fjordsystemet har store nok utfordringar frå før, og nye lokalitetar, sjølv om dei ikkje gjeld laksefisk, må ein unngå av føre var-grunnar.

Gjemnes kommune

VKA03 1557 Grønset

Lokaliteten ligg så nær korall-lokalitet i Gjemnessundet at lokaliteten må gå ut. Naturvernforbundet har nyleg gitt ei fråsegn til denne lokaliteten, og vi viser til denne (Vedlagt)

VKA04 1557 Jelkremneset

Lokaliteten ligg så nær korall-lokalitet i Gjemnessundet at lokaliteten må gå ut. Ein del tilhøve kring ureiningsproblematikk blei vurdert i samband med søknad om utsleppsløyve i dette området



tidlegare. Kunnskap om korallar gjer at ein i alle fall ikkje skal legge mindre vekt på omsynet til korallane. Lokaliteten ligg nær ein av dei viktigaste hekkekolonien for krykkje i Møre og Romsdal, sjå Naturvernforbundet si fråsegn til lokalitet Grønset.

#### VKA05 1557 Batnfjorden

Lokaliteten ligg så nær korall-lokalitet i Gjemnessundet at lokaliteten må gå ut.

#### VKA06 1557 Slettneset

Det går fram av konsekvensutgreinga av det er gytefelt for uer på heile lokaliteten, eventuelt at ein er usikker på dette. Uer står oppført som EN sterkt truga på raudlista. Kraftig reduksjon i populasjonsstorleik er grunn til raudlistinga. Då bør ein ikkje påverke moglege gyteområde negativt. Lokaliteten må takast ut.

#### VKA08 1557 Høybuvika

Dette er ein lokalitet som ikkje burde ha fått konsesjon i dag som følgje av korallar ikkje så langt unna. At avstanden er meir enn 250 meter bør ikkje tillegast så stor vekt, då det er mykje manglande kunnskap om korleis ulike sider ved oppdrett påverkar korallar. Verksemda knytt til lokaliteten bør i alle fall ikkje aukast.

#### VKA09 1557 Naustneset

Dette er ein lokalitet som ikkje burde ha fått konsesjon i dag som følgje av korallar ikkje så langt unna. Korallane ligg vel i straumretninga frå oppdrettsanlegget. Verksemda knytt til lokaliteten bør i alle fall ikkje aukast.

#### Averøy kommune

#### VKA0 1554 Hogsneset

Denne lokaliteten får vi meldingar om som seier at konfliktnivået rundt denne lokaliteten er ganske høgt, utan at vi har gått meir inn i det.

### **Konklusjon**

Som følgje av at det er høgst usikkert om kunnskapsgrunnlaget når det gjeld biologiske tilhøve er tilstrekkelege, må dette få følgjer for denne planen.

Naturvernforbundet meiner at utviding av lokalitetar i drift som følgje av ankringsareal og liknande kan gå sin gang. Lokalitetar som får utvida areal, men som ikkje er i drift, skal ikkje godkjennast, men må få ei grundigare handsaming før dei kan vurderast. Nye lokalitetar kan ikkje godkjennast

som følge av at kunnskapsgrunnlaget er svært mangelfullt.

Sjølv om det er brukt nokre dagsverk på denne fråsegna, har det vore umogleg for oss å sikre detaljar, sjølv i den avgrensa delen vi har sagt noko til.

Med vennleg helsing

Øystein Folden  
leiar i Naturvernforbundet i Møre og Romsdal